



KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandler

Anne Stensland, 51568901


Uttale- reguleringsplan - Karmøy - Tjøsvollvatnet - detaljregulering avløpspumpehus - planID 2023003

Me synar til oppstartsvarsel for kommunal detaljregulering oversendt frå Karmøy kommune 19.05.2023.

Føremålet med planen

Føremålet med planen er å leggje til rette for bygging av eitt pumpehus, leidnings trasé, etablering av ein offentlig tilkomstveg, bygge fortau og busslomme for å betre trafikktryggleiken. Planen vil også sikre tilkomst til bustad på gnr. 12, bnr. 126.

Planområdet sitt samla areal er på ca. 3,9 dekar, og dette ligg mellom Fylkesvegen (Vestre Karmøy veg) i nord og naturreservatet i sør i Åkrahamn.



Figur 1. Planområdet



Våre merknadar

Oversendinga frå kommunen er mangelfull, og våre merknader på nåverande tidspunkt vil difor vera av ein overordna karakter.

Naturreservatet Tjøsvollvatnet ligg tilgrensande det varsla planområde. På grunn av dette områdets betydning forventar me at naturforvaltar i kommunen blir tidleg involvert i planen, og at deira innspel blir vektlagt. Dette naturreservatet er freda gjennom forskrift, med formål å bevara eit våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Område har ein viktig funksjon som hekke-, trekk-, overvintrings- og næringsområde for våtmarksfuglar. Fordi formålet med fredinga er bevaring av våtmarksfuglar og deira leveområde, er det ikkje berre tiltak innanfor grensene som vil kunne ha ein innverknad på fuglelivet. I vidare planprosess må det komme tydeleg frem kva ein skal gjera for å avbøte på dei negative verknadene inn mot naturreservatet. Desse avbøtande tiltaka vil ikkje berre vera i forbindelse med støy, men også avrenning av partiklar frå anleggsbeltet. Eit utslepp av partiklar til dette verna område kan forringa kvaliteten av økosystemet.

Det er ikkje berre vasskvaliteten og fuglane som er viktige å ivareta i arbeidet, men også vegetasjonen. Kantvegetasjon er heilt sentral som leveområdet, og som skjerming mellom vassflata og forstyrringar knytt til menneskeleg aktivitet. Det er difor svært viktig at den allereie avgrensa kantsonevegetasjon ikkje blir ytterlegare redusert i samband med tiltaket. I tillegg til bevaring av verdifull natur og vegetasjon, må planarbeidet vise til aktsemd til framande arter. Forskrift om framande organismar utdjupar den generelle aktsemdplikta i naturmangfaldlova § 6. For verksemdar eller tiltak som kan føre til utilsikta spreieing eller utslepp av framande organismar, still aktsemdplikta krav om den ansvarlege i rimeleg utstrekning treff tiltak for å hindre slik spreieing. Me forvent at aktsemdplikta til framande organismar blir ivaretatt gjennom planarbeidet, og at kartlegging, tiltaksplan og massehandtering blir omtalt i føresegna.

Me minner om at det ved planer om utbygging skal gjennomførast ei vurdering i forhold til naturmangfaldlova § 8-12, samt ein ROS-analyse jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Me ser frem til å få meir informasjon om planen gjennom offentleg ettersyn, og ønsker dykk lykke til vidare i planarbeidet.

Med hilsen

Tina Eltervåg (e.f.)
rådgiver

Anne Stensland
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger

